



Selma Eik med den enno ikkje heilt ferdige bunaden. Men i dag startar loddsalet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Selma Eik har laga mange bunadar, kor mange har ho ikkje tal på. Den siste er ein bunad av hardangertypen for ein gut som er mellom fire og seks år og frå onsdag vert han lodda ut til inntekt for Aktivitetshuset. Det ligg loddbøker på SPAR, i banken og på bensinstasjonen.

Selma har gjeva bunaden til det gode føremålet heilt gratis og Klara Bakke seier til uskedalen.no at ho kan ikkje få fulltakka eldsjelen for gáva.

- Eg tek ikkje pengar for slikt, dette gjer eg både fordi føremålet er så fint og for mi eiga hygge, seier Selma og presenterer bunaden. Han er ikkje heilt ferdig enno, men det blir han snart.

Selma har laga atskillige bunadar både for jenter og gutar, har er det ikkje tale om nokon diskriminering! Ho har også laga fleire bunadar for utlodding tidlegare og då til inntekt både for helselaget og bedehuset. Truleg sydde ho den første for rundt 40 år sidan og ho antar at det var til ein tanteunge. Ho har også laga hardangerbunadar for vaksne.

Av Ola Matti Mathisen